

Ventar framleis på løft for lokalavisene

LEIKANGER: Avisene får same produksjonstilskot som i år. Justert for prisstigning betyr det kutt for sjetten år på rad. Samstundes vil regjeringa gje litt meir i innovasjonsstøtte til mediebransjen og føra vidare kursstøtta til lokalavisene. Det kjem fram i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett for 2019. I forslaget til neste års statsbudsjett understrekar kulturminister Trine Skei Grande (V) at «små, lokale medium er ein berebjelke for mediemang-

faldet, og er særst viktige for lokalsamfunna rundt om i heile landet». Landslaget for lokalaviser (LLA) set pris på auke i tilskotet til innovasjon og utvikling, men saknar at regjeringa følgjer opp Mediemangfaldsutvalget sine forslag. – Lokalavisene har svært små marginar. Dersom avisene våre framleis skal levera god og truverdig journalistikk, treng me no eit etterlengta løft i produksjonstilskotet, seier LLAs generalsekretær Rune Hetland.

Widerøe varslar kutt

OSLO: Flypassasjeravgifta er i forslaget til statsbudsjett føreslegen auka til 200 kroner for flyreiser utanfor Europa, medan satsen på andre flyreiser vert redusert til 75 kroner. Widerøe peiker i ei pressemelding på at dette langt frå er tilstrekkeleg til å sikra dei naudsynte rammevilkåra for ei vidare utvikling av det kommersielle kortbanenettet i Distrikts-Noreg. – Dette vil diverre få konsekvensar for det flytilbodet Widerøe er i stand til å levera, heiter det frå selskapet. Widerøe vil no gå gjennom tilbodet dei har og vurdera kva for ruter som må reduserast, samt kva for destinasjonar som vil bli kutta frå Widerøe-kartet.



STATSBUDSJETTET

– Svært skuffande

■ ■ Stort avgiftstrykk ■ ■ Frustrerte

SOGNDAL: – Dette er svært skuffande, denne såg eg ikkje koma.

Det seier Trine Lerum Hjellhaug, administrerende direktør i Lerum. Ho må konstatera at sukkeravgifta i statsbudsjettet for 2019 vil liggja på det same nivået som etter avgiftsauken på nyåret.

Stor auke

Det vil seia ein auke på 16 millionar kroner i år. Den totale avgiftsbelastinga på sukker vil for Lerum sitt vedkomande koma opp i 60 millionar kroner i året.

Fjerning

Lerum Hjellhaug legg ikkje skjul på at ho er skuffa også fordi dette kjem frå ei regjering med Høgre og Frp.

– Eg veit ikkje kor mange gonger folk frå dei partia har stått utanfor fabrikkene og sagt at dei vil fjerna heile avgifta. Så gjer dei det stikk motsette. Me kan lura på om dei vil ha norsk næringsmiddelproduksjon i det heile. Er det noko me treng, så er det stabile og føreseielege rammevilkår.

Lerum Hjellhaug seier ho hadde venta at Regjeringa ville snu på sukkeravgifta. Særleg sidan sukkeravgifta på sjokolade og andre sukkervarer blir redusert, men ikkje på saft og brus.

– Eg hadde vona at regje-



SKUFFA: – Dette var skuffande, seier Trine Lerum Hjellhaug, administrerende direktør i Lerum.

(Arkivfoto)

ringa ville ha tenkt meir heilskapleg enn det dei tydeleg gjer no.

Med eit slikt avgiftsnivå, er

ho uroa over konkurransekrafta til fabrikkene på Kaupanger.

– Det me produserer, vart dyrare då me fekk denne au-

ken. For drikkevarebransjen elles er ikkje dette gode nyhende heller. Nei, dette er ikkje moro, heller veldig frustrerende.

Indeksregulert

Avgifta blir også indeksregulert, slik at avgifta aukar med ytterlegare ein god million i 2019. Lerum Hjellhaug var i går i Oslo for å snakka med folk i bransjen.

– Eg reknar med at NHO Mat og Drikke vil ha ei meining om dette også, som i dag ikkje kan seier noko om det høge avgiftsnivået vil gå ut

over talet på tilsette.

– Nei, det er vanskeleg å seia no. Men eg er redd for at me kjem til å selja noko mindre, sidan me må leggja på prisane på det me produserer. Prisane er høge alt i dag og dei spelar i viss rolle for kva folk handlar i butikkene. Så forbrukarane kan her velja andre produkt enn våre. Då kan folk velja vekk produkt som inneheld mykje frukt og bær.

Ventar at KrF ryddar opp

SOGNDAL: – Nå ventar me at KrF ryddar opp og reverserer det som er i ferd med å ta knekken på mange arbeidsplassar.

Det seier Monica A Paulsen, leder i YS-forbundet Negotia

Ho legg til at Negotia er skuffa over at regjeringa ikkje foreslår å reversera auken i sukkeravgifta på alle sukkerhaldige produkt.

Reversering

– Samtidig forstår me at no

som alle går på tå hev overfor KrF, vil ein ikkje fjerna heile avgiftsauken som KrF forhandla inn. Negotia har hatt konstruktiv dialog med KrF i forkant av årets statsbudsjett og gjort greie for mange negative konsekvensar våre medlemmer i næringsmiddelindustrien erfarer. Me ventar difor at KrF bidreg til å reversera heile avgiftsauken. Det held ikkje berre å ta omsyn til delar av næringa.

Utval

Paulsen merkar seg at regjeringa vil setja ned eit utval for å sjå på resten av sukker-

avgifta.

– Det er bra og i tråd med forslag Negotia har gitt både regjeringa og KrF. I utvalsarbeidet bør dei blant anna sjå til Danmark som har innført eit regime på sukkeravgifta si. Den gir gode konkurransevilkår mot andre land, bidreg til å redusera sukkerbruken og ikkje minst til eit fornuftig skilje mellom sukkerhaldige og sukkerfrie varer. Dessutan gjer regjeringa klokt i å inkludera folk frå næringa i utvalsarbeidet. Eg kan forsikra om at Negotia vil stilla opp.

Jan Egil Fimreite
jan.egil.fimreite@sognavis.no

Ny garasjeport eller solskjerming? GRATIS BEFARING 911 50 200 fasadeprodukter.no

GODE HØST-TILBUD!

Fasade®
PRODUKTER

MARKISER - SCREENS - INTERIØRGARDINER - GARASJEPORTER